



*MUSIKKENS VENNER
NORDHORDLAND*

Årsmelding for 2013.

På årsmøtet søndag 20.januar 2013 i Nordgardsløa stod desse styremedlemene på val:
Einar Vatne, Inger Johanne Ektvedt og Rune Brundtland.

Einar Vatne vart attvalt til leiar for 2 år.

Styremedlemene Inger Johanne Ektvedt og Rune Brundtland vart attvalt for 2 år.

Styremedlemene Marie Morken og Jarle Hodnekvam stod ikkje på val.

Varamedlemene Inge Alver, Olaug Tveit og Anne Marie Skurtveit vart attvalt for 1 år.

Valnemda: Dag-Tore Anfinsen vart attvalt for 2 år. Signar Kristoffersen stod ikkje på val.

Styret for 2013 konstituerte seg slik:

Leiar	Einar Vatne
Nestleiar	Inger Johanne Ektvedt
Kasserar	Jarle Hodnekvam
Styremedlem	Marie Morken
Sekretær	Rune Brundtland

Styret har hatt 10 møte og handsama 60 saker i 2013.

Medlemstalet pr. 31/12-2013 er

79 enkeltmedlemer og 82 familiemedlemskap, dette tilsvarar ca. 250 medlemer totalt.

Musikkens Venner Nordhordland har arrangert 9 konsertar og medverka til marknadsføring av 2 konsertar, der andre har stått som arrangør.

20.01.2013 Konsert i Nordgardsløa på Frekhaug i samband med årsmøtet.

1. avd. m/Seim Songkor.

1. avd. m/kantor Boris Kuprijanov og songaren Else Iren Westervik, WestKup.
55 tilhøyrarar fekk oppleve ein flott og variert konsert.

**10.03.2013 Johannes Kleppevik – minnekonsert med Fjellkoret på Nordhordland
Folkehøgskule.**

Fjellkoret med dirigent Laila Fjell saman med Olav Ulveseth sitt orkester stod for ei glimrande musikalsk framføring. Publikum fekk ta del gjennom kjente allsongar. Dotter til Johannes Kleppevik, Sigrid-Marthe Kleppevik og forfattern Olav Kobbeltveit teikna eit godt og realistisk bilete av Johannes sitt livsløp både i gode og vanskelege år. Ein flott Kleppevik-kveld til ære for Johannes. Gode tilbakemeldingar både frå publikumarar og aktørar.
265 tilhøyrarar. For første gong selde MVNH billettar gjennom Billettservice, ei positiv erfaring.

- 23.04.2013 Roland Cedermark konsert på Nordhordland Folkehøgskule.**
Den svenske trekkspilaren og songaren Roland Cedermark har gjeve ut 29 plater og CD-ar som er seldt i over 2,5 mill. eksemplar. Han har mottatt 15 gullplater og CD-ar. Denne konserten kom i stand som eit samarbeidsprosjekt mellom MVNH og Arne Petter Iversen, Kurskompetanse, i Bergen. Arne Petter Iversen har stått som arrangør for over 50 konsertar med Cedermark i Noreg. Denne konserten vart ein stor suksess på alle måtar. Det er truleg ein av dei største konsertane MVNH har arrangert med 409 tilhøyrarar. Den samla folk frå heile Nordhordland og Gulen. Arne Petter Iversen og Roland Cedermark var svært fornøgde med oss som teknisk arrangør. Harald Norheim gjorde ein framifrå jobb som lydteknikar. Gode publikums-og avisomtalar. Roland Cedermark var 75 år denne dagen. Etter konserten arrangerte styret ei lita markering av dagen for jubilaranten og ektefellen hans med Arne Petter Iversen og styret med feller til stades.
- 28.08.2013 ”Sommarkveld ved fjorden”, KnarvikMil opplegget på Lyngheiseret, konsert med Kjersti Wiik, William Key og Øyvind Lyslo.**
Det tradisjonelle arrangementet på Lyngheiseret vart i år for første gong lansert som ”Sommarkveld ved fjorden”, etter ide frå leiaren vår, og ei overskrift som vi ynskjer skal verta eit begrep i framtida.
- Kl 18 starta arrangementet som vanleg med tur m/Nordhordland Turlag.**
Alternativet var framsyning av dokumentaren/lyngheifilmen.
- Kl. 19 konserten med Kjersti Wiik, William Key og Øyvind Lyslo,**
ein flott konsert med høg kvalitet. Visetekstar m.a. av Johannes Kleppevik, Aslaug Laastad Lygre og fleire andre, ein lødig konsert som gav dei 64 publikumarane mykje, og svara godt til tittelen ”Sommarkveld ved fjorden”. Kvelden vart avslutta med eit godt måltid og ein hyggeleg prat rundt borda. Dette arrangementet er eit samarbeid mellom Nordhordland Turlag, KnarvikMila og Musikkens Venner Nordhordland.
- 30.08.2013 Ytre Suløens-Jassensemble, konsert på Nordhordland Folkehøgskule.**
YSJ hadde 40 årsjubileum i 2013 og dei hadde den første KnarvikMil konserten for 30 år sidan. Det var difor naturleg og invitera dei til denne konserten. Dei hadde med seg Tricia Boutte-Langlo og den kjente pianisten Morten Gunnar Larsen som gjesteartistar. YSJ leverte ein framifrå konsert. Den gode stemningen i salen synte at publikum sette pris på det dei høyrde. Morten Gunnar Larsen hausta spesielt stor applaus for sitt solonummer i pausen. 220 tilhøyrarar.
Konserten er eit samarbeidsprosjekt mellom KnarvikMila og MVNH.

- 08.09.2013** **Utdeling av Medaas-prisen til Claus Sellevoll** og ungdomsprisen til Endre Rydland Vetås og Bastian Helgesen Veland på Nordhordland Folkehøgskule. Arrangementet hadde stort kunstnarleg mangfald, Ove Thue, Bjørn Berntsen, "Vestlandsrevyen": Olav Stedje, Finn Tokvam, Halvor Folgerø, Ragnar Hovland og prisvinnaren Claus Sellevoll, Bergen Nord Kammerkor, Marianne Juvik Sæbø, Dag Arnesen. Konferansier Dag Lindebjerg. 150 tilhøyrarar. Styret for Medaas-prisen stod som arrangør for arrangementet. MVNH marknadsførte arrangementet overfor våre medlemmer m.a. Frå 2014 vil MVNH inngå ein samarbeidsavtale med styret for Medaas-prisen når det gjeld framtidige Medaas-pris arrangement.
- 15.09.2013** **Pianist Rune Alver med konsert , "Hårreisande Harmoniar"**, Edvard Grieg og relaterte komponistar. Stad "Knarren" Konferansier Eilif B. Løvteit Her fekk vi ein forsmak på konserten Rune Alver heldt i Carnegie Hall. Samspelet mellom Rune og Eilif er alltid ei stor oppleving. "Vår eigen" æresmedlem og pianist Rune Alver vert betre og betre. Det er og svært positivt at han stiller opp på strilalandet og ikkje gløymer kvar han kjem frå. 30 tilhøyrarar på konserten.
- 13.10.2013** **Konserten "Neonlys på Ivar Aasen" med Henning Sommero**, Nordhordland Folkehøgskule. Arrangør Mållaga i Nordhordland. 207 tilhøyrarar. Sommero gav ei fantastisk tolking av songskatten etter Ivar Aasen i spenstige Sommero-arrangement. Ein konsert som gav Aasen tekstane ein ny dimensjon. Vil gje honnør til Haakon Aase som på vegne av mållaga, allereide i mars, tok kontakt med MVNH og andre, for å informera om arrangementsdato for å unngå kollisjon. MVNH fekk og førespurnad om å vera medarrangør som vi takka ja til.
- 26.10.2013** **Bamsekonserten "Jon Bone" for dei minste vart arrangert på Manger - og Knarvik Bibliotek.** Skodespelar Signy Sandsberg og trombonist Ingse Tvedt hadde opplegget med konsertane. Gjennom musikken fekk utøvarane fram varierte og fine stemningar. Fin konsert som engasjerte borna, stor suksess! På Manger 24 born – 24 vaksne, Knarvik 16 born – 15 vaksne. Arr.for første gong på Manger etter ide frå nestleiar Inger Johanne Ektvedt.
- 10.11.2013** **Bergen Blåsekvintett, konsert i Nordgardsløa.** Spennande konsert med profesjonelle musikarar: Gro Sandvik fløyte, Steinar Hannevold obo, Christian Stene klarinett, Per Hannevold fagott og Ilene Chanon horn. Desse musikarane representerte ein ny konserttype som vi ikkje har hatt tidlegare i MVNH. I tillegg til konsertframføringa demonstrerte kvar av utøvarane sitt instrument i ord og tonar til glede for dei 25 tilhøyrarane.

Økonomi.

MVNH har ein sunn og god økonomi. Den store medlemsmassen (ca 250) som vi har gjev oss ei betydeleg inntekt. Dei smale konsertane går med underskot, medan dei breiare konsertane gjev overskot. Styret ser det som viktig at laget har ein god buffert, dersom eit større arrangement skulle slå feil. Då har vi ryggrad til å tola det.

Innestående på konto er pr. 31.12.2013 kr.140.036,-

De som tippar – ver med og støtt Musikkens Venner Nordhordland !

Laget er registrert i Frivillighetsregisteret i Brønnøysund,

Du kan gje 5% av speleinnsatsen i Norsk Tipping til MVNH som grasrotmottakar slik:

Hjå din kommisjonær – kommisjonæren legg inn org.nr.999129110.

Takk til lokalavisene Strilen og Nordhordland som kulturbærarar.

Musikkens Venner Nordhordland vil som tidlegare gje honnør til Nordhordland og Strilen, for den positive haldninga dei har til å ta inn førehandsomtale av konsertar og omtale i ettertid.

Oppsummering. Musikkens Venner Nordhordland har i vedtektene som målsetjing at vi skal arrangera konsertar med lodig musikk. Styret har fått gode tilbakemeldingar frå publikum på kvalitetsnivået på konsertane og spennvidda.

I 2013 har vi arrangert 9 konsertar med 1088 tilhøyrarar. I tillegg var vi medarrangør på 2 konsertar – Henning Sommero konserten og Medaas-pris konserten med tilsaman 357 tilhøyrarar.

I 2012 arrangerte vi 10 konsertar med tilsaman 818 tilhøyrarar. Tilsvarande tal for 2011 var 9 konsertar med 438 tilhøyrarar.

Vi har fortsatt ynskje om at fleire av våre medlemmer også sluttar opp om dei ”smale”, klassiske, konsertane. Dette vonar vi vil gje deg som ikkje har gått på desse konsertane ei ny oppleving. Prøv det ! Med større oppslutnad vil vi kunna tilby desse konsertane også i framtida. Det var desse konsertane som hadde dei største underskota i året som gjekk.

Vi vil takka alle som støttar oss gjennom medlemskap og ved oppmøte på konsertane. Takka går og til Lindås kommune og til næringslivet.

Samarbeidsprosjekt – vi tek det og som ei tillitserklæring at vi dei siste åra har fått ei rekkje spørsmål frå kulturlivet om vi kan tenkja oss eit samarbeid med dei.

Vi har stilt oss positive til dette. Der det er naturleg, er det ein føremon å samarbeida og i fellesskap laga større og kvalitetsmessig betre arrangement enn å konkurrera.

Dessutan vil vi kunna styra arrangementa betre tidsmessig og unngå kollisjonar.

Me ynskjer alle eit godt nytt musikkår i 2014.

Knarvik, 13/1 – 2014.

Einar Vatne, leiar Inger Johanne Ektvedt, nestleiar Jarle Hodnekvam, kasserar

Marie Morken, styremedlem

Rune Brundtland, sekretær